

Møteprotokoll

Utval:	Vestlandsrådet AU
Møtestad:	Digitalt,
Dato:	12.03.2026
Tid:	09:00 - 10:00

Følgjande faste medlemmer møte:			
Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Jon Askeland	Leiar	Vestland fylkeskommune	
Ole Ueland	Medlem	Rogaland fylkeskommune	
Anders Riise	Medlem	Møre og Romsdal fylkeskommune	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:		
Namn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmer møte:			
Namn	Møtte for	Representerer	Merknad

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Robert Rastad	Fylkesdirektør
Gunn Claire Westad	Fylkesdirektør
Torill Hovdenak	Fylkesdirektør
Thorbjørn Aarethun	Sekretariat
Kristin Talgø Lund	Sekretariat, fylkeskontakt Rogaland
Thomas Finnøy	Sekretariat, fylkeskontakt, Møre og Romsdal

Saksliste

Godkjenningssaker

GK 3/26

Innkalling og saksliste

GK 4/26

Protokoll frå møte i Vestlandsrådet AU, 22.01.26

Politiske saker

PS 5/26

Program E39-konferanse og vidare oppfølging

PS 6/26

Oppfølging av Vestlandsrådet sin næringsstrategi

PS 7/26

Samarbeidssaker i Vestlandsrådet – innspel frå fylkesutvala

PS 8/26

Arendalsveka 2026 – aktuelle arrangement

Referatsaker

RS 1/26

Program og saker til møte i Vestlandsrådet, 15.april

GK 3/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Vestlandsrådet AU, 12.03.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 4/26 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet AU, 22.januar 2026

Saksprotokoll i Vestlandsrådet AU, 12.03.2026

Framlagt møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

PS 5/26 Program E39-konferanse og vidare oppfølging

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vil framover ha særleg fokus på å synleggjere og løfte fram E39 Vestlandsvegen i arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet ber fylkesdirektøren etablere ei brei administrativ samansett prosjektgruppe med interne og eksterne aktørar, for koordinering og planlegging av tiltak for påverking av sentrale beslutningstakarar i NTP-prosessen.

Prosjektgruppa konstituerer seg sjølv med val av leiar, og rapporterer til Vestlandsrådet AU gjennom fylkesdirektøren.

Det vert sett av kr..... til dette arbeidet i Vestlandsrådet sitt budsjett for 2026.

Saksprotokoll i Vestlandsrådet AU - 12.03.2026

Fylkesordførar Jon Askeland sette fram følgjande alternative forslag til siste setning:

«AU får fullmakt til å fastsette finansiering av det vidare NTP-arbeidet med E39 Vestlandsvegen»

Avrøysting

Askeland sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak med unntak av siste setning vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandsrådet vil framover ha særleg fokus på å synleggjere og løfte fram E39 Vestlandsvegen i arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet ber fylkesdirektøren etablere ei brei administrativ samansett prosjektgruppe med interne og eksterne aktørar, for koordinering og planlegging av tiltak for påverking av sentrale beslutningstakarar i NTP-prosessen.

Prosjektgruppa konstituerer seg sjølv med val av leiar, og rapporterer til Vestlandsrådet AU gjennom fylkesdirektøren.

AU får fullmakt til å fastsette finansiering av det vidare NTP-arbeidet med E39 Vestlandsvegen.

PS 6/26 Oppfølging av Vestlandsrådet sin næringsstrategi

Forslag til vedtak

AU tek løypemeldinga om oppfølging av næringsstrategien til orientering, og går inn for at dette vert eit hovedtema på Vestlandsrådet sitt møte, 10.juni i Ålesund.

Oppfølginga må omfatte forslag til eit handlingsprogram for perioden 2026-2027, samt opplegg for organisering av administrative ressursar for tilrettelegging og gjennomføring.

Saksprotokoll i Vestlandsrådet AU - 12.03.2026

Avrøysting

Fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

AU tek løypemeldinga om oppfølging av næringsstrategien til orientering, og går inn for at dette vert eit hovedtema på Vestlandsrådet sitt møte, 10.juni i Ålesund.

Oppfølginga må omfatte forslag til eit handlingsprogram for perioden 2026-2027, samt opplegg for organisering av administrative ressursar for tilrettelegging og gjennomføring.

PS 7/26 Samarbeidssaker i Vestlandsrådet – innspel frå fylkesutvala

Forslag til vedtak

Med grunnlag i innspel frå dei tre fylkeskommunane, går Vestlandsrådet AU inn for slik oppfølging:

.....

Saksprotokoll i Vestlandsrådet AU - 12.03.2026

Fylkesordførar Jon Askeland sette fram slikt alternative forslag til vedtak:

«Med grunnlag i innspel frå dei tre fylkeskommunane, går Vestlandsrådet AU inn for vidare konkretisering av samarbeidssaker innanfor nærings- og samferdselsområdet.»

Avrøysting

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med grunnlag i innspel frå dei tre fylkeskommunane, går Vestlandsrådet AU inn for vidare konkretisering av samarbeidssaker innanfor nærings- og samferdselsområdet.

PS 8/26 Arendalsveka 2026 – aktuelle arrangement

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet AU går inn for at vert planlagt arrangement under Arendalsveka 2026 om alternative modellar for finansiering og organisering av samla utbygging av E39 Vestlandsvegen.
2. Vestlandsrådet AU ber fylkesdirektøren legge fram forslag til eventuelt arrangement som oppfølging av næringsstrategien, på møte i Vestlandsrådet, 15.april.
3. Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å fastsette nærmare innhald og finansiering til Vestlandsrådet sine arrangement under Arendalsveka 2026.

Saksprotokoll i Vestlandsrådet AU - 12.03.2026

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestlandsrådet AU går inn for at vert planlagt arrangement under Arendalsveka 2026 om alternative modellar for finansiering og organisering av samla utbygging av E39 Vestlandsvegen.
2. Vestlandsrådet AU ber fylkesdirektøren legge fram forslag til eventuelt arrangement som oppfølging av næringsstrategien, på møte i Vestlandsrådet, 15.april.
3. Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å fastsette nærmare innhald og finansiering til Vestlandsrådet sine arrangement under Arendalsveka 2026.

RS 1/26 Program og saker til møte i Vestlandsrådet, 15.april

Saka vart referert i møtet.